

PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet

Møte: 03/2015
Tid: Torsdag 25. juni kl. 15:00 – 20:00
Stad: Nordhordland folkehøgskole, Frekhaug

Til stades:

Kommune	Austrheim	Fedje	Gulen	Lindås	Masfjorden
Ordfører	Per Lerøy	Kristin Handeland		Astrid Byrknes	Karstein Totland
Vara-ordfører	Helge Dyrkolbotn		Arve Harald Mjømen	Bjarte Vatnøy vara for May Eva Sandvik	Marit Steinestø
Politikar	Ernst Stellberg	Terje Storemark	Bjarte Undertun	Nina Bognøy	Arthur Sjursen
Rådmann	Jan Olav Osen	Vidar Bråthen	Reidun Halland	Ørjan Raknes Forthun	Svein Helge Hofslundsengen
Kommune	Modalen	Radøy	Solund		
Ordfører	Knut Moe	Jon Askeland	Ole Gunnar Krakhellen		
Vara-ordfører		Ann Christin Hoen	John Kåre Larsen		
Politikar		Kenneth Taule Murberg	Tom Færøy		
Rådmann	Øivind Olsnes		Erik Askeland		
Tillitsvalde	Jarle Næss – Utdanningsforbundet, Else Soltveit – Fagforbundet				
NUI:	Bent Gunnar Næss, Rune Heradstveit				
Andre:	Ole Bakkebø - Fylkesmannen, Victor Ebbesvik – KS, Åsbjørn Vetti – KS Konsulent				

Sak 15/15	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Det vart opplyst om at Meland kommunetyre 17.06.15 hadde gjort vedtak om å berre gå vidare med forhandlingane med Lindås og Radøy. Difor møtte det ingen frå Meland.</p> <p>Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 16/15	<p>Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte</p> <p>Jon Askeland gjekk kort gjennom møteprotokollen frå sist møte.</p> <p>Det vart vist til sak 13/15. Dei to største fagforbunda er Utdanningsforbundet og Fagforbundet og er invitert til å delta i forhandlingsutvalet.</p> <p>Jarle Næss representerer Utdanningsforbundet og Else Soltveit representerer Fagforbundet.</p> <p>Vedtak: Møteprotokollen frå møte 27.05.15 – møte nr 2 vart godkjent utan merknad.</p>

<p>Sak 17/15</p>	<p>Kva prinsipp ønskjer vi at den nye kommunen skal bygge på? Åsbjørn Vetti frå KS Konsulent innleia til denne saka. Det vart delt inn i 6 ulike grupper, der to av gruppene hadde same tema. Ein bytta bord i prosessen slik at alle fekk jobba med dei same tema.</p> <p>Dei ulike tema som det vart jobba med var følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kva bør namnet vere på den nye kommunen? 2. Kvar bør administrasjonssenteret vere? 3. Korleis bør kommunehusa nyttast? 4. Nærssenter – kva vil vere naturlege oppgåver til eit nærssenter i ein framtidig Nordhordlandskommune? Kvar bør nærssentra ligge? 5. Kva prinsipp bør ligge i botn for tenestene til innbygarane? 6. Kva tenester bør vere samla og kva kan vere meir desentralisert? Kva prinsipp bør leggest til grunn? 7. Demokrati – korleis kan den nye kommunen leggje til rette for eit levande lokaldemokrati? 8. Korleis sikre levande lokalsamfunn? Samfunnsutvikling? 9. Økonomi - korleis skal vi harmonisere skatter og avgifter, gjeld, fond, planlagde investeringar? <p>Gruppene noterte ned kva dei kom fram til i løpet av gruppearbeidet.</p> <p>Gruppene vart i plenum utfordra til å kome med kva som dei såg som viktigast å trekke fram og kva som vil vere dei største utfordringane.</p> <p>Det som kom fram i arbeidet og i diskusjonane vil danne eit grunnlag som vert samanstillt i eit eige dokument av arbeidsutvalet. Det vert lagt fram i neste møte for oppfølging.</p>
<p>Sak 18/15</p>	<p>Kommunikasjonsplan – innbyggjardialog – oppfølging av sak 12/15 Vedlegg: Forslag til kommunikasjonsplan</p> <p>Med bakgrunn i sak 12/15 var det utforma ein kommunikasjonsplan som sa noko om mål, rammer og tiltak og ansvar for tiltak. I tiltaksdelen er der skilt mellom kva som skjer regionalt og i den einskilde kommune. Det som er satt opp under den einskilde kommune er meint som forslag. Kvar kommune må gå gjennom lista og sjå på kva som er naturleg å gjennomføre og eventuelt kome med andre forslag.</p> <p>Kommunikasjonsplanen vart drøfta i forhandlingsutvalet. Det vart understreka at det er viktig at kvar kommune har eit aktivt eigarskap til kommunikasjonsplan og at det i kvar kommune er nokon som har ansvaret for å følgje opp kommunikasjonsplanen i kvardagen.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til den foreslegne kommunikasjonsplan og ser det også som naturleg at den vert vedeteke av kvar einskild kommunestyre. Forhandlingsutvalet har følgjande forslag til vedtak i kommunestyra:</p> <p><Kommune> sluttar seg til forslaget til kommunikasjonsplan for prosjektet kommunestruktur i</p>

	<p>Nordhordland. Kommunestyret ser det som viktig at kommunen har ein aktiv informasjon til innbyggjarane og aktuelle målgrupper. Det er difor viktig at kap. 5 som går på tiltak vert oppdatert fortløpande.</p>
Sak 19/15	<p>Innbyggjarundersøking Vedlegg: Forslag til innbyggjarundersøking Arbeidsutvalet ser føre seg å gjennomføre ei felles innbyggjarundersøking så raskt som mogeleg. Gulen har allereie gjennomført ei undersøking.</p> <p>Arbeidsutvalet ser det som viktig at undersøkinga ikkje har for mange spørsmål då kvaliteten på svara gjerne då blir dårlegare. Arbeidsutvalet ser også behovet for å gjennomføre ei ny undersøking på slutten av året 2015. Undersøkinga må ved val av alternativ tilpassast den einskilde kommune.</p> <p>Arbeidsutvalet tilrår at prosjektleiar med bakgrunn i forslag til innbyggjarundersøking hentar inn tilbod. Dersom dei som skal gjennomføre undersøkinga ser faglege behov for å gjere endringar i spørsmåla, eller det er manglar, så får arbeidsutvalet fullmakt til å gjere endringar.</p> <p>Arbeidsutvalet foreslår at undersøkinga vert finansiert med inntil kr 140 000 frå skjønnsmidlane og at resten vert fordelt likt på kommunane. Kommunane har fått tildelt kr 100 000 frå staten for å drive med informasjon. Erfaring frå andre undersøkingar tilseier at kommunane sin finansiering vert ein plass mellom kr 25 000 og kr 40 000.</p> <p>Dersom einskilde kommunar vil ha inn eigne spørsmål, så kan det avtalast med prosjektleiar, men ein må da gjere rekning med å dekke dei ekstra kostnadane.</p> <p>Undersøkinga vil bli gjennomført i løpet av august/september då ein ser det som lite gunstig å ta den no i ferietida.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til forslaget til innbyggjarundersøking og framlegget til finansiering. Arbeidsutvalet får fullmakt til å godkjenne enkelte endringar i undersøkinga dersom det skulle vise seg å vere behov.</p>
Sak 20/15	<p>Møteplan Arbeidsutvalet ser behov for å ha eit møte før 21. oktober for å halde tilstrekkeleg trykk i prosessen, og foreslår difor eit ekstra møte måndag 24. august frå kl. 16:00 – 20:00. Ser også behov for å få fastlagt heile møteplan for hausten. Foreslår difor følgjande møteplan for 2. halvår 2015.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 24. august – 12.00 – 20.00 • 21. oktober – 16.00 – 20.00 • 16. november – 16.00 – 20.00 • 7. desember – 16.00 – 20.00 <p>I møte var der forslag om å vurdere å ta neste møte i Skjerjehamn. Arbeidsutvalet fekk i oppdrag å undersøke om det var mogeleg.</p> <p>Vedtak: Forhandlingsutvalet sluttar seg til forslaget til møteplan for hausten 2015.</p>
Sak 21/15	<p>Oppsummering og tema på neste møte Kort oppsummering av dagens møte. I neste møte, 24. august ser ein for seg følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av sak 17/15 – prinsipp for den nye kommunen – konkretisering av dei ulike punkta • Arbeidsgjevarpolitikk

	<ul style="list-style-type: none">• Overordna mål for den nye kommunen <p>Neste møte er måndag 24. august kl. 12.00 – til ca. kl. 20.00. Kjem tilbake med stad og endeleg tid.</p>
--	--

Frekhaug, 25. juni 2015



Jon Askeland
Leiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS